

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 23. mai 2025

Stad: Kommunestyresalen i Gol kommune

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Tom Rune S Blakkestad	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Bente Rudrud Herdlevær	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Anders Wengen (V)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Guro Flatland Veslehaug, klimakoordinator

Møtte ikkje:

Hilde Aarø	Buskerud Fylkeskommune
------------	------------------------

SAK 24/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 24 – 25. MARS 2025**Vedtak:**

Protokollen frå møte 24 - 25. mars 2025 er godkjent.

SAK 25/25 INFO OM PÅRØRANDEKOORDINATORPROSJEKTET

Tonje Austheim frå Hallinghelse informerte om pårørandekoordinatorprosjektet i Hallingdal. Sjå presentasjon.

**SAK 26/25 UTVIKLING AV KOMMUNALE SENGER PÅ SJUKESTUGU
– OPPFØLGING AV SAK 19 – 25****Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal tar initiativ til eit samarbeid med Vestre Viken HF og Ringerike sjukehus om ein berekraftig og fleksibel drifts- og finansieringsmodell som skal styrke det regionale helsetilbodet i Hallingdal og vera ei oppskrift for andre distrikt.
2. Regionrådet søker tilskot til samhandlingsmidlar på vegne av samarbeidspartane.
3. Mandat for arbeidet kjem som sak til Regionrådet, så snart det er klart.

SAK 27/25 INNSPEL TIL HØYRING PLANPROGRAM BUSKERUDPLANEN**Vedtak:**

Regionrådet sender inn ei kort utale frå Hallingdal. I tillegg kjem nokre av kommunane til å sende inn eige høyringssvar. Det regionale høyringssvaret kjem som sak i neste møte.

SAK 28/25 INFO OM TRADISJONSKULTURPROSJEKTET I HALLINGDAL

Rannveig Øygardslia informerte om tradisjonskulturprosjektet i Hallingdal. Sjå vedlegg.

Vedtak:

Regionrådet ber administrasjonen og KRU legge fram ein sak om finansiering av distriktsmusikar og ein koordinator for folkemusikk i Hallingdal på neste møte.

SAK 29/25 SAMFERDSELSSTATUS

Jan Olav gav ein kort status om vegpakke Hallingdal etter RNB 2025 og om korleis det no blir jobba med strekninga Gulsvik – Svenkerud i samband med at saka om forlenga bompengge-innkrevjing på Sokna -Ørgenvika skal opp i Stortinget 2. juni. Solveig og Sigrid orienterte kort om planane for tunnel på Hardangervidda (Dyranut) og stenging av Lærdalstunnelen

SAK 30/25 STATUS FRÅ BÆREKRAFT HALLINGDAL

Guro orienterte om nettverket for klimaomstilling og ombruksfestival. Sjå presentasjon

SAK 31/25 EVENTUELT**Oppfølging av det Regionale beredskapsarbeidet etter Hallingting.**

Arbeidet med dei ulike vedtakspunkta frå Hallingtinget, Regional ROS, felles øving, planmalar osv. startar opp den 5. juni i eit møte med beredskapskoordinatorane.

Besøke av høgsterett i Hallingdal den 15 - 17/9.

Ordførarane koordinerer og legg planane for dette besøket

Leiarsamling 11-12 sept. 2025

Det blir regional leiarsamling 11-12. sept. 2025. Sett av datoane!
Samlinga blir truleg på Oset Fjellhotell.

Deltakarar: Politisk og administrativ toppleiing i alle dei 6 kommunane i Hallingdal + regionrådsadm. (ordførarar og kommunedirektørar med si leiargruppe)

Jan Olav sender innkalling til alle i Regionrådet. Kommunedirektørar sender vidare til sine leiargrupper

Neste møte i Regionrådet 13. juni

Møte blir flytta til Hol pga. møte med Vidju

Hallingdal, 2. juni 2025

for rådsordførar

Jan Olav Helling
Dagleg leiar